



Saknr.	Utval	Møtedato
051/23	Formannskapet	19.04.2023

## Gloppen kommune som medlem av Trygg Trafikk

### Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet vedtar at Gloppen kommune teiknar medlemskap i Trygg Trafikk frå og med 2023. Kostnaden knytt til medlemskapet vert i 2023 dekkja innanfor driftsbudsjett, og skal innarbeidast i budsjettet frå 2024.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Gloppen kommune ved ordførar Leidulf Gloppestad, har fått førespurnad frå Trygg Trafikk Vestland om å teikne medlemskap i Trygg Trafikk. TT ynskjer at alle kommunane i Vestland er medlemar av Trygg Trafikk, og opplyser at fleirtalet (21) av kommunane i Vestland pr. i dag er det. Fleire kommunar har i samband med medlemsførespurnaden, gjort kommunestyrevedtak om dette.

#### Fakta i saka

I samband med kommunen si *Trygge lokalsamfunn* – godkjenning i juni 2016, vedtok kommunestyret at *Trygg i trafikk* skulle vere eitt av fem satsingsområde.

Våren 2018 vart Gloppen kommune godkjent som *Trafikksikker kommune* (som første kommune i Nordfjord), og hausten 2021 vart vi godkjent på nytt (3-årig godkjenning). Difor har Trygg Trafikk Vestland eit tydeleg ønskje om å ha Gloppen kommune med som medlem i organisasjonen. Kommunen har fått god oppfølging av Trygg Trafikk gjennom fleire år, og fått tildelt mykje trafikktryggingsmateriell og -midlar.

Trygg Trafikk tilbyr kommunane lokale tiltak som trafikkopplæring, kampanjar og rettleiing, samt påverknadsarbeid mot sentrale mynde. Under finn de nokre av tilboda til kommunane:

- Bistand til kommunar som utarbeider trafikktryggingsplanar
- Råd og rettleiing til foreiningar, lag og nærmiljøaksjonar som på ulike vis ynskjer å bidra til betre trafikktryggleik
- Kurs til barnehagetilsette og lærarar om trafikkopplæring av barn
- Kurs til helsestasjonar om sikring av barn i bil
- HMS-kurs kring trafikk for kommunalt tilsette etter ønskje
- Nyheitsbrev til alle medlemmer om aktuelle saker kring trafikktryggleik
- Gratis læringsressursar til barnehagar, skular og helsestasjonar
- Godkjenningsordninga *Trafikksikker kommune*
- Rettleiing kring etablering av *Hjartesonar* kring skular

### Økonomiske konsekvensar for kommunen

Medlemskapet i Trygg Trafikk inneber ein årleg kostnad på kr. 2.500,-. Kostnad relatert til medlemskapen i 2023 kan dekkast over driftsbudsjettet for året, og seinare innarbeidast i det ordinære budsjettet.

### **Kommunedirektøren si vurdering**

Trygg Trafikk er ein solid organisasjon som Gloppen kommune har hatt stor glede av å samarbeide med i mange samanhengar. Dei har bidrege med god opplæring og oppfølging av barnehagane og skulane våre, og med materiell til kommunen sine trafikktryggingsaksjonar gjennom fleire år. Kommunedirektøren er positiv til at kommunen teiknar medlemskap i Trygg Trafikk.

### **Formannskapet 19.04.2023**

#### **Behandling**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

#### **FOR- 051/23 Vedtak**

Formannskapet vedtar at Gloppen kommune teiknar medlemskap i Trygg Trafikk frå og med 2023. Kostnaden knytt til medlemskapet vert i 2023 dekkast innanfor driftsbudsjett, og skal innarbeidast i budsjettet frå 2024.

Vedtaket var samrøystes.